Stort sommarprogram med mat og musikk

30.05.2011

Drivar Morten har somarprogrammet nestan klårt (Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag startar juni og Systrene Nilsen startar med sitt første sommarprogram. Drivar Morten Nilsen lanserar det med stor entusiasme som ein fristande blanding av mat og musikk.
Det kjem til å skje mykje i restauranten som i tråd med sitt slagord skal skapa stemning i sjøkanten.

Kokk Anders har grytene klare (Foto: Morten Nilsen)

Når det gjeld maten er forventningane til leiinga store til den 25 år gamle kokken Anders Stokkebø frå Stavanger, som hadde suksess med lam under påskeopninga. Han kjem til å halda det gåande heilt fram til dørene stengjer 21. august. Kvar torsdag

blir det skaldyraften, som i fjor basert på ferske reker frå Åkrahamn på Karmøy.
Men Morten lovar også skaldyr-overraskingar på desse kveldane.

Terje Sager - opnar og avsluttar sesongen

På 9 onsdagar blir det quiz leia av drivaren sjølv saman med Bjørn Ståle Hillestad,
Men i tillegg til hjerne-gymnastikken blir det servert noe godt under vignetten Fjøla
og det kan vera både spekemat, laks og også sushi. Kanskje blir det ein musikk-quiz etter mønster frå 'Beat for beat'.

Vegard spelar i Rosendal

Menyen for sommaren fortel ellers at det blir meir fisk enn i fjor, ikkje minst basert på leveranse frå Hjønnevåg og med Nordsjøburgeren som ein gjengangar saman med laksewrap og rekebåt..Sju slags pizza vil stå på menyen i sommar. Høgdepunktet kulinarisk sett vil bli nådd under 3 gladmatdagar då kokk Anders verkeleg skal visa kva han er god for. Han kan meir enn å grilla lam!

Overskrifta på musikkfronten er 'levande musikk ein gong i veka.. Reint lokalt merker vi oss at Jazzverket med forsterking av Vegard Døssland, Sindre Aksnes og Aleksander Rebaudo skal i aksjon allereie 11. juni. Camilla Myklebust skal også syngja på Systrene Nilsen i sommar - ho har ein eigen sundagskonsert.

Ellers kjem artistane frå mange kantar. Sesongen blir både opna og avslutta av Terje Sager, som har vore ein framgangsrik trubadur i meir enn 10 år og har ein enorm breidde i repertoaret. Han blir å høyra allereie laurdag førstkommande. Andre som kjem er Back in Business, Sidekicks, Christinas Funky Blues Delivery og David Talent.

Programmet for sommaren er nesten klart, det manglar litt i eit større sommar-arrrangement 22. og 23. juli. Det vil gå føre seg tildels i telt på kaia, men meir kan ikkje Morten røpa førebels.

Han er i det heile oppteken av å prøva ut nye ting og idear, som han uttrykker det. Og han er ikkje redd for å gå på ein smell eller to, mellom anna fordi han har ein fleksibel og rimeleg drift basert i stor grad på slekt og vener.

Av Ola Matti Mathisen

Camilla har eigen konsert, her er ho saman med Tone Reinertsen Hellesøy i Bedehuset